# SØKNAD OM SKULESKYSS – 2018/2019

Når avstand skule – heim overstig 4 km for elevar i 2. – 10. klasse,
2 km for 1. klasse

| | |
|---|---|
| Elev:<br><br>Fødselsnummer (11 siffer) | Søknaden gjeld:<br>☐ Busskort<br>☐ Drosje/ medisinsk<br>☐ Privatkøyring/ medisinsk<br>☐ Frå ein heim<br>☐ Frå begge foreldra |
| Søknaden returnerast til skulen!<br>HUGS KLASSE i skuleåret 2018 - 2019 | |
| Klasse : | NB! Ved delt bustad må det leggjast ved dokumentasjon (50/50 eller 40/60 % deling) |
| Føresett 1:<br><br>Mobilnr: | Føresett 2:<br><br>Mobilnr: |
| Folkeregistrert adresse:<br><br>Postnr. og stad: | Folkeregistrert adresse:<br><br>Postnr. og stad: |
| Føresett 1 underskrift: | Føresett 2 underskrift: |

HANDSAMING AV SØKNADEN – blir fylt ut av skulen
I høve Opplæringslova §7-1 har elevar i 2. – 10. klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa to kilometer (retten gjeld til/frå undervisningstida – sjå baksida for meir informasjon om rett til skuleskyss).

| | |
|---|---|
| INNVILGA:<br>De blir med dette opplyst om at eleven har fått innvilga skuleskyss :<br>☐ Tur/retur<br>☐ Til skulen<br>☐ Frå skulen | AVSLAG:<br>De blir med dette opplyst om at eleven har fått avslag på søknad om skyss. Avslaget er grunngjeven med :<br>☐ At avstanden mellom heim og skule ikkje overstig 2 km<br>☐ At avstand mellom heim og skule ikkje overstig 4 km<br>I fylket sine digitale kart er avstand målt til:<br>☐ Anna ……………………………… |

Vedtaket er fatta med heimel i Opplæringslova § 7-1 og forskrifter i mehald av denne. Dette er eit einskildvedtak som kan klagast på. Eventuell klage må leverast eller sendast til skulen innan 3 veker frå den dagen De mottar dette brevet. Dersom skulen opprettheld vedtaket vert klagen sendt vidare frå Sund kommune til Fylkesmannen i Hordaland, utdanningsavdelinga, for endeleg avgjerd.

| | |
|---|---|
| Stad/tid : | Rektor: |

# Informasjon om retten til skuleskyss

Retten til skuleskyss er heimla i Opplæringslova § 7-1: «Elevar i 2. – 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg etter vanskeleg skuleveg, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda».

**Rett til fri skyss gjeld berre i samband med obligatorisk opplæring, det vil seie til/frå skuletida/undervisningstida. Barn i skulefritidsordninga (SFO) er derfor ikkje omfatta.**

**Leksehjelp er heller ikkje omfatta av skyssreglane. SFO og leksehjelp er frivillige tilbod og reknast etter lova som fritidstilbod**. I kommentarane til Opplæringslova § 13-7 skulefritidsordninga vert dette presisert; *«Departementet ser det ikkje som naturlig å innføre en rett til skyss etter et tilbod om leksehjelp der deltakelse er frivillig. Det eksisterer heller ingen rett til skyss etter skolefritidsordningen».*

***Elevar som har plass i SFO både før og etter undervisningstida, har ikkje rett til fri skyss, og skal ikkje ha skulebusskort.**

***Elevar som har plass i SFO berre om morgonen (før skuletid), eller berre om ettermiddagen (etter skuletid) – har rett på skyss ein veg.**

**Dersom eleven etter det ovannemnde har rett på fri skyss, men vert skyssa privat til /frå skulen, ber vi om at det ikkje vert søkt om busskort.**
NB! Det er mogleg å søkje om skyss året rundt – dersom endringar fører til at eleven likevel treng busskort.

«SKYSS» organiserer på vegne av Hordaland fylkeskommune skuleskyss for elevar som har rett på det, på følgjande vilkår:

- over 2 km til/frå skulen for 1. klasse
- over 4 km for 2. – 10. klasse
- Skyss ved delt bustad (50/50 eller 40/60% deling). NB! Rett etter lova er knytt til folkeregistrert adresse om det må ligge føre avtale som er signert av begge foreldra.
- Skyss for funksjonshemma som går på nærskulen
- Skyss av midlertidig skadde

Å bevege seg i trafikken vil dessverre alltid innebere ein viss fare. Sund kommune arbeider for å gjere skulevegane i Sund så trygge som råd. Meir informasjon om skuleskyss kan du finne på www.tryggtrafikk.no og på fylkeskommunen sine nettsider.

| På www.hordaland/skoleskyss.no finn du: | På www.skyss.no finn du: |
|---|---|
| • Informasjon om grunnskuleskyssen<br>• Opplæringslova<br>• Cert (system for bestilling av skyss)<br>• Ruteberekning skuleskyss | • Det ordinære rutetibodet<br>• Reiseplanleggjar<br>• Prisar og oversyn over reiseprodukt<br>• Kan bestille ordinære busskort |

NB! Rett til skuleskyss er enkeltvedtak. Blir innvilga etter søknad , og gjeld så lenge retten til skuleskyss er til stades!